

Her beitar sau

Når snøen smeltar og graset gror, slepper ein sauen og lamma ut på beite. Der et dei gras og urter, som både held landskapet ope og bidreg til viktig mangfald i planter og insekt.

Sau og lam er saman med geit det ein kallar småfe. Hosauen blir kalla søye og hannsauen blir kalla vær. Sauen blir para på hausten og lemmer på våren. Om hausten blir lamma slakta og blir ete som fårikål og pinnekjøtt. Fårikål er kåra til Noregs nasjonalrett.

Vi har fleire sauerasar i Noreg, men den vanlegaste er norsk kvit sau. Norsk kvit sau er avla fram frå dalasauen, men veks raskare og produserer meir kjøt.



Dalasauen er en eldre rase som også produserer bra med kjøt og mykje, god ull. Nokre sauerasar har horn, som gammelnorsk spælsau.

Sauen blir klipt to gonger i året, og kvart år blir det arrangert norgesmeisterskap i saueklipping. Mellom 20 og 30 prosent av norsk ull blir brukt i Noreg, medan resten blir eksportert, hovudsakleg til England.

Verdt å vite

- I Noreg er berre tre prosent av landet jordbruksareal. Eng og beite utgjer 2/3 av jordbruksarealet i Norge.
- For å nyttiggjere oss graset må det gjennom ein dyremage. Graset er grunnlaget i norsk produksjon av kjøt og mjølk frå storfe, geit og sau.
- Norsk husdyrhelse er i verdstoppen. Vårt landbruk bruker mindre antibiotika enn landbruket i dei aller fleste andre vestlege land.
- Matindustrien (utanom fiskeforedling) gir om lag 40 000 arbeidsplassar over heile landet, og er landets største industrisektor med ei omsetjing på 150 milliardar kroner.

Foto: Vidar Skjelkvam

NORGES BONDELAG



God tur!

Helsing Norges Bondelag
- Vi lager maten din!